



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer:	837 105 382
Organisasjonsform:	Aksjeselskap
Foretaksnavn:	LERUM AS
Forretningsadresse:	Kloppavegen 13 6854 KAUPANGER

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode:	01.01.2022 - 31.12.2022
-------------------------	-------------------------

### Konsern

Morselskap i konsern:	Ja
Konsernregnskap lagt ved:	Nei

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet:	Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet:	Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet:	Trine Lerum Hjelldaug
Dato for fastsettelse av årsregnskapet:	30.03.2023

### Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 16.06.2024



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Salsinntekter		698 234 753	660 349 760
<b>Sum inntekter</b>		<b>698 234 753</b>	<b>660 349 760</b>
<b>Kostnader</b>			
Varekostnad	1	459 686 990	400 213 105
Lønskostnad	2	102 260 693	103 460 735
Ordinær av- og nedskrivning	3	16 020 170	15 052 114
Andre driftskostnader	2, 4, 5	113 569 437	108 928 447
Andre inntekter og kostnader	6		-942 346
<b>Sum kostnader</b>		<b>691 537 289</b>	<b>627 654 401</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>6 697 463</b>	<b>33 637 705</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Anna renteinntekt		68 757	381 341
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>68 757</b>	<b>381 341</b>
Annan rentekostnad		1 764 878	880 476
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>1 764 878</b>	<b>880 476</b>
<b>Netto finans</b>		<b>-1 696 121</b>	<b>-499 135</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>5 001 343</b>	<b>33 138 570</b>
Skattekostnad	7	1 231 309	7 390 521
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>3 770 034</b>	<b>25 748 049</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>3 770 034</b>	<b>25 748 049</b>
<b>Årsresultat etter minoritetsinteresser</b>		<b>3 770 034</b>	<b>25 748 049</b>
<b>Totalresultat</b>		<b>3 770 034</b>	<b>25 748 049</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Overført til / frå anna eigenkapital		3 770 034	25 691 649



## Resultatregnskap

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Sum overføringar og disponeringar		3 770 034	25 748 049



### Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Utsett skattefordel	7		
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Tomt	3, 13	90 000	90 000
Maskiner og anlegg	3, 13	100 829 007	106 297 643
Transportmidlar	3, 13	1 867 148	2 159 829
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr	3, 13	4 524 466	5 415 389
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>107 310 621</b>	<b>113 962 861</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i dotterselskap	8	53 310	53 310
Investeringar i andre aksjar		35 000	35 000
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>88 310</b>	<b>88 310</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>107 398 931</b>	<b>114 051 171</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Sum varer</b>	1, 13	<b>115 987 641</b>	<b>87 988 777</b>
<b>Krav</b>			
Kundefordringar	13	84 219 191	67 273 232
Andre fordringar		11 463 514	5 471 723
Konsernkrav	6, 9		
Krav på innbetaling av selskapskapital		5 000 000	
<b>Sum krav</b>		<b>100 682 705</b>	<b>72 744 955</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot, kontantar o.l.	9	4 575 967	46 155 274
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>4 575 967</b>	<b>46 155 274</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>221 246 313</b>	<b>206 889 005</b>



### Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>328 645 244</b>	<b>320 940 176</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Aksjekapital	10	9 999 990	9 999 990
Behaldning av egne aksjar		72 120 798	68 220 798
Overkurs		7 527 231	7 527 231
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>89 648 020</b>	<b>85 748 020</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Anna eigenkapital		73 897 931	70 127 897
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>73 897 931</b>	<b>70 127 897</b>
<b>Sum eigenkapital</b>	11	<b>163 545 951</b>	<b>155 875 917</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Pensjonsplikter	5		
Utsett skatt	7	4 996 375	3 886 695
<b>Sum avsetjingar for plikter</b>		<b>4 996 375</b>	<b>3 886 695</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	12, 13	27 299 982	29 899 986
Anna langsiktig gjeld	4, 13	6 081 527	5 257 639
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>33 381 509</b>	<b>35 157 625</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>38 377 884</b>	<b>39 044 320</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Kassakreditt	13	12 670 367	
Leverandørgjeld		70 171 856	72 698 785
Betalbare skattar	7	1 221 629	5 516 162
Skuldige offentlege avgifter		16 084 340	8 711 379
Kortsiktig konserngjeld	14	674 899	9 368 807
Anna kortsiktig gjeld	15	25 898 318	29 724 806
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>126 721 409</b>	<b>126 019 939</b>



## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Sum gjeld		165 099 293	165 064 259
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>328 645 244</b>	<b>320 940 176</b>



# Deloitte.

Deloitte AS  
Gravensteinsgata 19  
Postboks 206  
NO-6852 Sogndal  
Norway

Tel: +47 57 67 65 70  
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i Lerum AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

## Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Lerum AS som er sammansett av balanse per 31. desember 2022, resultatregnskap og kontantstrømoppstilling for regnskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige regnskapsprinsipp.

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev årsrekneskapen eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2022, og av resultat og kontantstrømane for regnskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med regnskapslova sine reglar og god regnskapsskikk i Noreg.

## Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formåstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

## Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

## Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med regnskapslova sine reglar og god regnskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the "Deloitte organization"). DTTL (also referred to as "Deloitte Global") and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) to learn more.

© Deloitte AS

Registrert i Foretaksregisteret Medlemmer av Den norske Revisorforening  
Organisasjonsnummer: 980 211 282



## Deloitte.

side 2  
Melding frå uavhengig revisor -  
Lerum AS

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

### *Revisor sine oppgaver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*


Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi på om leiinga si bruk av framleis drift-føresetnaden er formålstenleg og, basert på innhenta revisjonsbevis, om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, krevjes det at vi i revisjonsmeldinga gjer merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta fram til datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje kan halde fram drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvise bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde innhaldet i revisjonen, tidspunkt for revisjonsarbeidet, og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom revisjonen.

Sogndal, 30. mars 2023  
Deloitte AS

  
Gunn Irene Sviggum Bruheim  
statsautorisert revisor



Lerum AS

2022



## Lerum AS Årsmelding 2022

Gjennom fire generasjoner, sidan 1907, har familien Lerum foredla frukt og bær til norske hushaldningar. Lerum AS er ein landsdekkande leverandør av saft, jus og syltetøy, samt leverandør av saft til den svenske marknaden. Produksjonsanlegget og hovudkontoret ligg i Sogndal kommune. Lerum AS er ein del av konsernet N.H. Lerum AS.

### MARKNAD

Etter to år med vekst i daglegvaremarknaden gjennom pandemiperioden er det tilbakegang i 2022. Kategorien konsentrert drikke går kraftig tilbake både i volum og verdi. Syltetøykategorien går tilbake i volum og fram i verdi. Lerum føl den negative marknadsutviklinga for konsentrert drikke, men har god vekst på syltetøy. Lerum avsluttar året med god posisjon i begge kategoriane. I den svenske marknaden er det vekst for kategorien konsentrert drikke der ZERoh!-serien styrkar sin posisjon ytterlegare gjennom 2022.

### FORSKING OG UTVIKLING

Lerum AS legg store ressursar i vidareutvikling av produkta og merkevarene Lerum og ZERoh!. Selskapet arbeider kontinuerleg med utvikling av nye smaksvarianter, smartare og meir miljøvenleg emballasje, søting utan sukker og produkt med betre eigenskapar for god ernæring og berekraft. Innovasjon er naudsynt for å bidra til vidare utvikling av produkta.

I 2022 har Lerum AS lansert fleire sukkerfrie produktvarianter i eksisterande merkevareseriar. Lerum jus er lansert på meir berekraftig emballasje. Lerum gjekk i 2021 over til saftflasker med 100 % resirkulert plast. I 2022 har vi redusert resirkuleringsgraden i saftflaskene til 80 % då dette gir betre berekraft med omsyn til resirkulering.

### ØKONOMI

#### Omsetnad og resultat

Lerum AS har i 2022 hatt ein omsetnad på NOK 698 millionar mot NOK 660 millionar i 2021. Resultatet før skatt er på NOK 5 millionar for 2022 mot NOK 33,1 millionar i 2021. Årsresultatet etter skatt i 2022 vart NOK 3,8 millionar mot NOK 25,7 millionar i 2021.

Året 2022 har vore krevjande med auka kostnader som følgje av eksterne drivarar. Spesielt har auken i straumkostnader bidrege negativt på resultatet for 2022. I tillegg har ekstraordinær kostnadsauke på råvarer og innsatsfaktorar vore utfordrande. Gjennom 2022 har det vore fokus på kostnadsinnsparingar og effektivisering. Styret er nøgd med det gode arbeidet gjennom 2022 på trass av urolige tider.

Styret er ikkje nøgd med resultatutviklinga i 2022. Gode resultat er naudsynt for å halde fram med berekraftig verdiskaping og for å forsvare investeringar for vidare vekst.



Gjennom 2022 er det investert NOK 10,6 millioner i nytt produksjonsutstyr.

#### Kontantstrøm og balanse

Kontantstrøm frå drifta var i 2022 negativ med NOK 43,1 millionar mot positiv kontantstrøm på NOK 57,4 millionar i 2021. Kontantstrømmen er påverka av auka kapitalbinding i varelager og auke i arbeidskapital. Langsiktig bankgjeld er redusert med NOK 3,9 millionar gjennom nedbetalingar i 2022. Samstundes er det inngått nye leasing-kontraktar på NOK 2,1 millionar. Lerum AS har pr. 31. desember 2022 NOK 33,4 millionar i langsiktig gjeld. Alle lånevilkår er oppfylt. Lerum AS har tilstrekkeleg likviditetsreserve i bankinnskott og trekkrettar i bank og leasing-selskap.

Totalbalansen pr. 31. desember 2022 er auka mot fjoråret. Endringa er frå NOK 320,9 millionar pr. 31.12.2021 til NOK 328,6 millionar ved utgangen av 2022. Eigenkapitalen aukar frå NOK 155,9 pr. 31. desember 2021 til NOK 163,5 millionar pr. 31. desember 2022 etter årets resultat og konsernbidrag frå Lerum Eigedom AS. Eigenkapitalen utgjør 49,8 % av totalbalansen mot 48,6 % ved førre årsoppgjer.

Lerum AS sin finansielle marknadsrisiko er primært knytt til renter og valuta. Selskapet har flytande rente på dei langsiktige låna. Lerum AS gjer ein stor del av innkjøpa i Euro og US-dollar, medan alt eksternt sal er i norsk valuta. Kor stor del av valutabehovet ein kurssikrar vert vurdert som ein del av plan- og budsjettprosessen.

Lerum AS har styreansvarsforsikring for styret, administrerande direktør og leiing teikna av N.H. Lerum AS på vegne av selskapa i konsernet. Forsikringa dekker det personlege ansvaret for formuesskade som desse kan pådra seg i utøvinga av sine verv. Forsikringa er teikna på marknadsmessige vilkår i eit internasjonal forsikringsselskap med solid rating. Det vert stadfesta at selskapet har styreansvarsforsikring med bransjetypisk beløpsgrense tilpassa Lerum AS sin storleik og omsetning.

#### Vidare drift

Det er styret si oppfatning at årsmeldinga og årsrekneskapen gjev eit rettvisande bilete av resultat, utvikling og økonomisk stilling. Styret stadfestar at årsrekneskapen for 2022 er sett opp under føresetnad om vidare drift og at denne føresetnaden er tilstades.

#### **BEREKRAFT, ORGANISASJON, HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK**

For Lerum handlar berekraft om å *ta vare på*. Gjennom alt vi gjer skal vi ta vare på naturen, foredling, menneske, ernæring og lokalsamfunnet.

#### Miljø og samfunn

Distribusjon av konsumentprodukt som drikkevarer og syltetøy medfører miljøpåverknad. Den største miljøpåverknaden for Lerum er knytt til transport. Det vert utarbeida miljørekneskap og gjort tiltak for å redusere klimaavtrykket. Klimarekneskapet vårt viser at vi har redusert klimaavtrykket pr. kg produsert vare med 14% sidan vi starta målinga i 2019.

I 2022 har vi i samarbeid med Norsk Energi gjennomført energikartlegging og identifisert ENØK-tiltak for å redusere straumforbruket. Fleire av tiltaka er sett i verk i 2022.

Vi vil halde fram arbeidet for å redusere klimaavtrykket vårt gjennom reduksjon i energi- og vassforbruk, redusere matsvinn, utvikle betre emballasjeløysingar og samarbeide med transportørane og leverandørane for å redusere klimaavtrykket frå transport.

Lerum AS ynskjer å bidra til god ernæring og har sidan 2005 stegvis redusert sukkerinnhaldet, og auka innhaldet av frukt og bær i produkta.



Den nye Openheitslova skal fremja verksemder sin respekt for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, samt sikre allmenn tilgang til informasjon. Styret har vedteke retningslinjer for berekraftig forretningspraksis. Gjennom medlemskap i Etisk Handel Norge har vi forplikta oss til ansvarleg forretningspraksis i leverandørkjeda for rettferdig handel som bidreg til å ivareta menneske- og arbeidstakarrettigheter, samfunn og miljø. Det er gjort aktsomheitsvurderingar for å få eit best mogleg bilete av risikoen i verdikjeda vår. Selskapet sin utgreiing er tilgjengeleg i *Rapport for berekraftig forretningspraksis 2022* på selskapet sine nettsider ([lerum.no](http://lerum.no)).

#### Arbeidsmiljø, likestilling og diskriminering

Styret vurderer arbeidsmiljøet som godt. Det har vore éin mindre skade i samband med utøvinga av verksemda i 2022 som har medført sjukefråvær. Sjukefråværet for 2022 er 5,4 % mot 3,0 % i 2021. Av det samla fråværet for 2022 er 2,0 % kortidsfråvær. Lerum AS er IA-bedrift (Inkluderande Arbeidsliv) og har hatt eit godt samarbeid med trygdeetaten i 2022. Oppfølging av sjukefråvær er ei sentral oppgåve i HMS-arbeidet. Selskapet har årlege HMS-planer.

Lerum AS legg til rette for eit inkluderande arbeidsmiljø, der alle tilsette har like moglegheiter og rettigheter for utvikling, trivsel og arbeidsvilkår. I 2022 var 23 % av selskapet sine tilsette kvinner. Begge kjønn er representert gjennom verdikjeda i produksjon, administrasjon og sal. Tre av åtte styremedlemar i Lerum AS er kvinner, medan leiinga har ei fordeling på tre kvinner og tre menn. Fire av fem eigarar i morselskapet N.H. Lerum AS er kvinner. Det er ikkje naudsynt å setje i verk eigne tiltak for å fremje likestilling.

Det vert gjennomført kartlegging ihht. likestillings- og diskrimineringslova § 26. For meir informasjon på dette området vert det vist til *Årsrapport 2022* på selskapet sine nettsider ([lerum.no](http://lerum.no)).

#### FRAMTIDSUTSIKTER

Med solid forankring av arbeidet med berekraft i strategiplanar på tvers av organisasjonen, auka innovasjonstakt dei siste åra og planar for betra resultatgrad meiner styret at selskapet sine framtidsutsikter er gode. Lerum AS har ei velutvikla produktportefølje, sterke merkevarer og ein god medarbeidarstab som dannar ei solid plattform for framtida.

Likeeins med dei fleste næringsmiddelprodusentane i Noreg er selskapet sin omsetnad delt på nokre få store kjeder og distribusjonskanalar. Selskapet er difor sårbart ved daglegvarekjedenes porteføljeskift og bruk av sine eigne merkevarer.

Frukt og bær er utsett for temperatur og ustabil vær som påverkar avling og pris mellom sesongar. Store svingingar i råvareprisar og valuta er utfordrande i høve til oppnåelege stabile innkjøpsprisar i marknaden. Spesielt har utfordringar etter koronapandemien, energikrise og den geopolitiske uroa i Europa gitt utslag i høge kostnader for råvarer, andre innsatsfaktorar og frakt.

Lerum AS er sårbar for endringar i politiske rammevilkår. Stor usikkerheit er knytt til framlegget om regulering av daglegvarekjedene sine innkjøpsprisar. Lerum har gitt sitt syn i eit høyringssvar.

For Lerum som stadig investerer tungt i anlegg, maskiner og innovasjon er det avgjerande at skatte- og avgiftsnivået er føreseieleg, stabilt og berekraftig. Den store skilnaden på skatt etter bedrifta si eigarform er ikkje berekraftig. Dei to siste åra har det vore ei kraftig auke i eigarskattane som Lerum og andre likeeins eigde bedrifter må bere. Dette er skattar som må betalast med pengar enten bedrifta har overskot eller ikkje. For Lerum medfører desse skattane ei stor konkurranseulempe og eit farleg stort innhogg i elles tilgjengelege investeringsmidlar.

Vi vil halde fram med berekraftig verdiskaping gjennom å kombinere dei sterke norske tradisjonane for mat og drikke basert på frukt og bær, med den beste kunnskapen om foredling, søting og rett ernæring i tråd med trendane i marknaden og behov hjå forbrukarane.



Behovet for nye investeringar i produksjonsanlegg, marknadsføring og kompetanseheving vil vera gjeldande også i tida framover for å ruste Lerum AS til innovasjon og ansvarleg vekst med eksisterande og nye produkt.

Styret er svært fornøgd med samspelet og innsatsen dei tilsette har lagt ned i alle ledd. Innsatsen til dei tilsette har vore avgjerande for å oppretthalde samfunnsoppdraget vårt med produksjon og sal av gode matvarer. Styret ser fram til å kunne utvikle verksemda vidare i lag med medarbeidarar, kjeder, forbrukarar og andre samarbeidspartnarar.

*Sogndal, 30. mars 2023*

Sverre S. Tysland  
Styreleiar

Kristine Aasheim  
Styremedlem

Stein N. Klakegg  
Styremedlem

Grethe K. Lerum  
Styremedlem

Gro Lerum Bondevik  
Styremedlem

Kurt Lerum  
Styremedlem

Stian Ellingsen  
Styremedlem

Stian Orrestad  
Styremedlem

Trine Lerum Hjelhaug  
Adm. dir



## Lerum AS

Resultatrekneskap 2022

	NOTE	2022	2021
<b>DRIFTSINNETEKTER</b>			
Salsinntekter		698 234 753	660 349 760
Sum driftsinntekter		<u>698 234 753</u>	<u>660 349 760</u>
<b>DRIFTSKOSTNADAR</b>			
Varekostnad	1	459 686 990	400 213 105
Lønskostnad	2	102 260 693	103 460 735
Ordinær av- og nedskrivning	3	16 020 170	15 052 114
Andre driftskostnader	2, 4, 5	113 599 846	108 958 447
Sum driftskostnader		<u>691 567 699</u>	<u>627 684 401</u>
Driftsresultat før andre inntekter og kostnader		<u>6 667 054</u>	<u>32 665 359</u>
Andre inntekter og kostnader	6	-30 410	-972 346
Driftsresultat		<u>6 697 463</u>	<u>33 637 705</u>
<b>FINANSINNETEKTER/-KOSTNADAR</b>			
Renteinntekter		68 757	381 341
Andre rentekostnader		-1 764 878	-880 476
Netto finansresultat		<u>-1 696 121</u>	<u>-499 135</u>
Resultat før skattekostnad		<u>5 001 343</u>	<u>33 138 570</u>
Skattekostnad	7	-1 231 309	-7 390 521
Årsresultat		<u>3 770 034</u>	<u>25 748 049</u>
<b>OVERFØRINGAR</b>			
Overført til / frå anna eigenkapital		3 770 034	25 691 649
Avgjeve konsernbidrag		0	56 400
Sum overføringar		<u>3 770 034</u>	<u>25 748 049</u>



## Lerum AS

EIGEDLAR	NOTE	2022	2021
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
Tomt	3, 13	90 000	90 000
Maskiner og anlegg	3, 13	100 829 007	106 297 643
Transportmidlar	3, 13	1 867 148	2 159 829
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr	3, 13	4 524 466	5 415 389
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>107 310 621</b>	<b>113 962 861</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringar i aksjar i dotterselskap	8	53 310	53 310
Investeringar i andre aksjar		35 000	35 000
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>88 310</b>	<b>88 310</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>107 398 931</b>	<b>114 051 171</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
Varer	1, 13	115 987 641	87 988 777
<b>Fordringar</b>			
Kundefordringar	13	84 219 191	67 273 232
Andre fordringar		11 463 514	5 471 723
Tilgode konsernbidrag		5 000 000	0
<b>Sum fordringar</b>		<b>100 682 705</b>	<b>72 744 955</b>
Bankinnskot, kontantar o.l.	9	4 575 967	46 155 274
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>221 246 313</b>	<b>206 889 005</b>
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>328 645 244</b>	<b>320 940 176</b>



## Lerum AS

EIGENKAPITAL OG GJELD	NOTE	2022	2021
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Aksjekapital	10	9 999 990	9 999 990
Anna innskoten eigenkapital		72 120 798	68 220 798
Overkurs		7 527 231	7 527 231
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>89 648 020</b>	<b>85 748 020</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Anna eigenkapital		73 897 931	70 127 897
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>73 897 931</b>	<b>70 127 897</b>
<b>Sum eigenkapital</b>	11	<b>163 545 951</b>	<b>155 875 917</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Avsetjing for forpliktingar</b>			
Utsett skatt	7	4 996 375	3 886 695
<b>Sum avsetjing for forpliktingar</b>		<b>4 996 375</b>	<b>3 886 695</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	12, 13	27 299 982	29 899 986
Anna langsiktig gjeld	4, 13	6 081 527	5 257 639
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>33 381 509</b>	<b>35 157 625</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Kassakreditt	13	12 670 367	0
Leverandørgjeld		70 171 856	72 698 785
Betalbare skattar	7	1 221 629	5 516 162
Skuldige offentlege avgifter		16 084 340	8 711 379
Kortsiktig gjeld konsernselskap	14	674 899	9 368 807
Anna kortsiktig gjeld	15	25 898 318	29 724 806
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>126 721 409</b>	<b>126 019 939</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>165 099 293</b>	<b>165 064 259</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>328 645 244</b>	<b>320 940 176</b>



**Lerum AS**

Sogndal, 30. mars 2023,

\_\_\_\_\_  
Sverre Sellæg Tysland  
Styreleiar

\_\_\_\_\_  
Gro Lerum Bondevik  
Styremedlem

\_\_\_\_\_  
Kurt Lerum  
Styremedlem

\_\_\_\_\_  
Grethe Kristin Lerum  
Styremedlem

\_\_\_\_\_  
Kristine Aasheim  
Styremedlem

\_\_\_\_\_  
Stian Orrestad  
Styremedlem

\_\_\_\_\_  
Stein Norvald Klakegg  
Styremedlem

\_\_\_\_\_  
Stian Ellingsen  
Styremedlem

\_\_\_\_\_  
Trine Lerum Hjelhaug  
Dagleg leiar



## Lerum AS

### Kontantstrømoppstilling 2022

(alle tal i 1 000)

	2022	2021
<b>KONTANTSTRÅUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR:</b>		
Ordinært resultat før skattekostnad	5 001	33 139
Betalte skattar i perioden	-5 516	-5 520
Ordinære av- og nedskrivningar	16 020	15 052
Vinst / tap avgang driftsmidlar	-30	-30
Skilnad mellom kostnadsført pensjon og inn / utbetalningar i pensjonsordninga	0	-136
Endring i varer	-27 998	-2 716
Endring i kundefordringar og andre fordringar	-22 938	3 768
Endring i leverandørgjeld og anna gjeld	-7 675	13 793
<b>Netto kontantstråumar frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>-43 136</b>	<b>57 350</b>
<b>KONTANTSTRÅUMAR FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR:</b>		
Netto tilgang / avgang anleggsmidlar	-10 695	-43 205
Sal av varige driftsmidlar (salssum)	1 358	30
<b>Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-9 337</b>	<b>-43 175</b>
<b>KONTANTSTRÅUMAR FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR:</b>		
Netto endring trekk på kassakreditt	12 670	0
Innbetaling ved opptak av langsiktig gjeld	2 097	2 973
Utbetaling ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-3 873	-3 290
<b>Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>10 894</b>	<b>-317</b>
<b>Netto kontantstrøm for perioden</b>	<b>-41 579</b>	<b>13 858</b>
Netto endring i bankinnskot, kontantar og liknande	-41 579	13 858
Behaldning av bankinnskot, kontantar og liknande pr 01.01	46 155	32 297
<b>Behaldning av bankinnskot, kontantar og liknande pr 31.12</b>	<b>4 576</b>	<b>46 155</b>



## Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk.

Lerum AS inngår som ein del av konsernrekneskapen til N.H. Lerum AS. Sidan Lerum AS er ein del av konsernet N.H. Lerum AS, vert det i tråd med rekneskapslova § 3-7 ikkje utarbeida konsernrekneskap for underkonsern.

### Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar bestemt til varig elge eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal betalast tilbake innan eitt år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende føresetnader lagt til grunn.

Anleggsmidlar er vurdert til kostpris, men nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet er forventa ikkje å vera forbigående. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrive planmessig. Langsiktig lån er ført opp i balansen til nominelt motteke beløp på tidspunkt for etablering.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er ført opp i balansen til nominelt motteke beløp på tidspunkt for etablering. Kortsiktig gjeld er ikkje oppskrive til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

## Salsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet.

### Aksjar i dotterselskap

Investering i dotterselskap er vurdert etter kostmetoden, og er vurdert til anskaffingskost for aksjane med mindre nedskrivning har vore naudsynt. Det er føreteke nedskrivning til verkeleg verdi når verdifall har årsakar som ikkje vert vurdert å vera forbigående og nedskrivning vert vurdert naudsynt etter god rekneskapskikk.

### Aksjar i tilknytt selskap og andre aksjar

Anleggsaksjar, der selskapet ikkje har avgjerande innverknad, er ført opp i balansen til kostpris. Investeringane vert nedskrive til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigående. Motteke utbytte frå selskapa vert inntektsført som anna finansinntekt.

## Varer

Varer er vurdert til det lågaste av kostpris og netto salsverdi. Sidan selskapet har fysisk sporing av råvarer nytta i mat, er anskaffingskost så langt som mogeleg tilordna den einstkilde vare.

## Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar vert oppført til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane.

## Leigeavtalar

Driftsmidlar som vert leigd på vilkår som i det vesentlege overfører økonomisk risiko og kontroll til selskapet (finansiell leasing), vert balanseført under varige driftsmidlar og tilhøyrende leigeforpliktning vert teke med som forpliktning under langsiktig gjeld til noverdien av leigebetalingane. Driftsmidlet vert avskrive planmessig og forpliktninga vert redusert med betalt leige etter frådrag for berekna rentekostnad.

## Pensjonar

Foretaket er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon og har pensjonsordning som oppfyller krava etter denne lov.

## Valuta

Eventuelle pengepostar i utanlandsk valuta er vurdert til kursen ved rekneskapsårets slutt.

## Skattar

Skattekostnaden vert samanstilt med rekneskapsmessig resultat før skatt. Skatt knytt til eigenkapitaltransaksjonar, til dømes konsernbidrag, er ført mot eigenkapitalen. Utsett skatt / skattefordel er i tråd med god rekneskapskikk vurdert til nominelle verdiar.

## Kontantstraum

Kontantstraumsoppstillinga er utarbeida etter den indirekte metode.

## Note 1 Varer

	2022	2021
Råvarer og emballasje	95 556 419	68 414 918
Panteemballasje	45 200	33 600
Ferdigvarer	21 554 022	21 252 259
Ukurans	-1 168 000	-1 712 000
<b>Sum</b>	<b>115 987 641</b>	<b>87 988 777</b>
Varekostnad spesifisert:		
Endring ferdigvarelager	-301 763	-817 842
Varekostnad	459 385 227	401 030 947
<b>Sum varekostnad</b>	<b>459 686 990</b>	<b>400 213 105</b>

## Note 2 Lønskostnad, tal på tisetete, godtgjersle m.m

Lønskostnad	2022	2021
Løn	82 116 645	78 581 736
Folketrygdavgift	10 145 978	9 949 312
Pensjonskostnader	6 598 978	6 093 274
Innleigd arbeidshjelp	1 317 482	4 476 591
Andre ytingar	2 081 611	4 359 822
<b>Sum</b>	<b>102 260 694</b>	<b>103 460 735</b>

Gjennomsnittleg tal tisetete

135

136



## Note 2 Lønnskostnad, tal på tilsette, godtgjersle m.m (forts.)

Ytingar til leiande personar	Adm.dir	Styre
Løn, honorar	1 688 513	714 000 (herav styreleiar kr 132 000)
Andre innberetningspliktige beløp	109 039	

### Revisor

Revisjonshonorar for 2022 er på kr 406 805,- eksklusive meirverdiavgift.  
Honorar for andre tenester er kostnadsført med kr 48 249,- eksklusive meirverdiavgift.

## Note 3 Varige driftsmidlar (tal i heile tusen)

	Transportmidlar	Kontor- maskinar	Maskinar, anlegg og tomt	Periodisert vedlikehald	Anlegg under utføring	Sum
Kostpris 1.1.	2 937	18 755	155 278	6 117	0	183 087
Tilgang	0	1 026	9 412	257	0	10 695
Avgang til kostpris	0	0	5 709	0	0	5 709
<b>Kostpris 31.12.</b>	<b>2 937</b>	<b>19 781</b>	<b>158 981</b>	<b>6 374</b>	<b>0</b>	<b>188 073</b>
Akkumulert nedskrivning 31.12.	0	0	908	0	0	908
Akkumulerte avskrivningar 31.12.	1 070	15 257	61 036	2 492	0	79 855
<b>Bokført verdi pr. 31.12.</b>	<b>1 867</b>	<b>4 524</b>	<b>97 037</b>	<b>3 882</b>	<b>0</b>	<b>107 310</b>
Avskrivning i år	292	1 955	13 222	551	0	16 020
Nedskrivning i år	0	0	0	0	0	0
Økonomisk levetid	5 / 7år	5 / 10 år	7 / 15 år			
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær			
Balansførte leigevaktalar inkl. i bokført verdi	328		6 744			7 072

## Note 4 Leige- og leasingavtalar

Selskapet har pr 31.12.2022 leigevaktalar knytt til fabrikk og kontorbygg på Kaupanger med varigheit fram til år 2033.

Sum leigekostnader 20 900 003

Selskapet har nokre operasjonelle leasingavtalar.

<b>Leasingkostnader:</b>	<b>1 850 752</b>	<b>1 635 192</b>
--------------------------	------------------	------------------

	2022	2021
Selskapet har i tillegg leigevaktalar bokført som finansiell leasing.		
Nominell verdi av sum resterande estimerte leigebetalningar	7 072 510	5 739 004
Noverdi av sum resterande estimerte leigebetalningar	6 081 527	5 257 639
Fortallsstruktur finansiell leasing:		
Fortall innan 1 år	1 343 084	1 189 528
Fortall 2-7 år	4 738 443	4 549 476

## Note 5 Transaksjonar og mellomværande med nærstående partar

Selskapet har avtale med Bjarne Lerums Bilmuseum AS om leige av lokaler.

Bjarne Lerums Bilmuseum AS er eigd av 3 av eigarane i N.H. Lerum AS, som er morselskap til Lerum AS.  
Årlig honorar for vedkomande avtale er på kr 600 000,- ekskl. mva.

## Note 6 Andre inntekter og kostnader

Spesifikasjon av andre inntekter og kostnader	2022	2021
Nettoeffekt av avslutta ytelsespensjon	-	-942 346
Vinst ved avgang av anleggsmidlar	-30 410	-30 000
<b>Sum</b>	<b>-30 410</b>	<b>-972 346</b>



## Note 7 Skattar

Årets skattepliktige resultat kjem fram slik:	2022	2021	
Resultat før skattekostnad	5 001 343	33 138 571	
<b>Permanente skilnader:</b>			
Kostnader utan frådragsrett	595 512	375 794	
Inntekter utan skatteplikt	-	-9 576	
Pensjon direkteført mot eigenkapital	-	88 488	
Motteke konsernbidrag	5 000 000	-72 307	
<b>Mellombelse skilnader:</b>			
Endring mellombelse skilnader:	-5 043 998	-8 445 510	
Skattegrunnlag i år	5 552 857	25 075 460	
<b>Betalbar inntektsskatt 22 %</b>	<b>1 221 629</b>	<b>5 516 602</b>	
<b>Spesifikasjon av mellombelse skilnader:</b>	<b>Endring</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>
Anleggsmidlar	-4 147 249	-22 674 290	-18 527 041
Vinst- og tapskonto	128 382	-513 520	-641 902
Fordringar	-	300 000	300 000
Varelagar	-544 000	1 168 000	1 712 000
Pensjonsforpliktning	-	-	-
Balanseførte leigeavtalar	-481 131	-990 983	-509 852
Sum	-4 562 867	-22 710 793	-17 666 795
Brutto utsett skattefordel / -forpliktning	-4 996 374	-3 886 695	
Ikkje balanseført utsett skattefordel	-	-	
<b>Netto utsett fordel / forpliktning i balansen</b>	<b>-1 109 681</b>	<b>-4 996 375</b>	<b>-3 886 695</b>
Skattesats ved utrekning av utsett skatt / skattefordel	22 %	22 %	
<b>Betalbar skatt</b>			
Betalbar skatt	1 221 629		
Skatteeffekt av konsernbidrag	-1 100 000		
Endring utsett skatt / (skattefordel)	1 109 681		
<b>Skattekostnad</b>	<b>1 231 309</b>		
<b>Forklaring til skattekostnad</b>			
Resultat før skatt	5 001 343		
22 % skatt av res. før skatt	1 100 295		
Skatteeffekt permanente skilnader	131 013		
Sum skattekostnad	1 231 309		

## Note 8 Aksjar i dotterselskap

AS Lerums Saffabrikk	
Aksjekapital	109 000
Tal aksjar	10 900
Bokført verdi	53 310
Forretningskontor	Sogndal
Eigarandel / stemmeandel	100 %
Resultat 2022	1 612
Eigenkapital 31.12.	83 104

## Note 9 Bankinnskott, bundne midlar, kassekreditt m.v

Av bankinnskott er kr 3 644 320,- bundne skattetrekksmidlar og kr 310 897,- er sperra bankkonto for depositum. Selskapet har ei samla kredittramme på kr 65 000 000,- der kr 12 670 367,- var nytta pr. 31.12.2022

## Note 10 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

### Eigarstruktur

Aksjonær i selskapet pr. 31.12.:

	Tal aksjar	Pålydande	Aksjekapital	Eigardel	Stemmedel
N.H. Lerum AS	6 734	1 485	9 999 990	100 %	100 %
Sum aksjar	6 734	1 485	9 999 990	100 %	100 %

## Note 11 Eigenkapital

Endring i eigenkapital gjennom året:

Tekst	Aksjekapital	Overkurs	Anna innskoten eigenkapital	Anna eigenkapital	Sum
Eigenkapital 01.01.2022	9 999 990	7 527 231	68 220 798	70 127 897	155 875 916
Motteke konsernbidrag etter skatt	-	-	3 900 000	-	3 900 000
Årets resultat	-	-	-	3 770 034	3 770 034
<b>Eigenkapital 31.12.2022</b>	<b>9 999 990</b>	<b>7 527 231</b>	<b>72 120 798</b>	<b>73 897 930</b>	<b>163 545 951</b>



## Note 12 Langsiktig gjeld

Gjeld som har siste avdrag til betaling meir enn fem år etter rekneskapsårets slutt:

	2022	2021
Gjeld til kredittinstitusjonar (tal i heile tusen)	14 300	16 900
Sum anna langsiktig gjeld	14 300	16 900

### Opplysningar om pantelån:

	Opphavelag lånebeløp i	
	NOK	Saldo 31.12
Lån kredittinstitusjonar	39 000 000	27 299 982
Sum	39 000 000	27 299 982

Avdragsprofil (tal i heile tusen)	2023	2024	2025	2026	2027	Deretter
Lån kredittinstitusjonar	2 600	2 600	2 600	2 600	2 600	14 300
Sum	2 600	2 600	2 600	2 600	2 600	14 300

## Note 13 Pantsetjingar / garantiansvar

Bokført gjeld som er sikra ved pant o.l.:	2022	2021
Gjeld til kredittinstitusjonar	39 970 349	29 899 986
Gjeld knytt til finansielle leigeavtalar	6 081 527	5 257 639
Sum	46 051 876	35 157 625

Bokført verdi av eigedatar still som trygd for bokført gjeld:

Maskinar og anlegg	100 829 007	106 297 643
Tomt, bygningar	90 000	90 000
Transportmidlar	1 867 148	2 159 829
Driftslausevye	4 524 466	5 415 389
Totalt	107 310 621	113 962 861

I tillegg er det teke pant i:

Varelager	115 987 641	87 988 777
Kundefordringar	84 219 191	67 273 232
Fordringar konsernselskap	-	-

## Note 14 Kortsiktig gjeld selskap i same konsern

	2022	2021
Leverandørgjeld konsern	-	1 350 311
Skuldig konsernbidrag	-	72 307
Anna kortsiktig gjeld konsern	674 899	7 946 189
Sum gjeld konsern	674 899	9 368 807

## Note 15 Anna kortsiktig gjeld

	2022	2021
<u>Større postar i anna kortsiktig gjeld:</u>		
Påkomne feriepengar	8 428 835	8 078 032
Påkomne kostnader diverse	17 402 446	21 609 497
Påkomne renter	67 037	37 277
Sum	25 898 318	29 724 806



## Årsrekneskap Lerum AS 2022


Name Date  
**Hjellhaug, Trine Lerum** 2023-03-30

Identification

 **Hjellhaug, Trine Lerum**

Name Date  
**Orrestad, Stian** 2023-03-30

Identification

 **Orrestad, Stian**

Name Date  
**Tysland, Sverre Sellæg** 2023-03-30

Identification

 **Tysland, Sverre Sellæg**

Name Date  
**Lerum, Kurt** 2023-03-30

Identification

 **Lerum, Kurt**


Name Date  
**Bondevik, Gro** 2023-03-30

Identification

 **Bondevik, Gro**


Name Date  
**Ellingsen, Stian** 2023-03-30

Identification

 **Ellingsen, Stian**

Name Date  
**Aasheim, Kristine** 2023-03-30

Identification

 **Aasheim, Kristine**

Name Date  
**Lerum, Grethe Kristin** 2023-03-30

Identification

 **Lerum, Grethe Kristin**

Name Date  
**Klakegg, Stein Norvald** 2023-03-30

Identification

 **Klakegg, Stein Norvald**



This document contains electronic signatures using EU-compliant PAdES - PDF Advanced Electronic Signatures (Regulation (EU) No 910/2014 (eIDAS))